



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/347 - 19/6433

Saksbehandlar:
Silje Haukedal
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:
16.04.2019

Vedtak til klagevurdering - gbnr 100/20 Rv. 565 Tolleshaug - Soltveit

Tiltak: Dispensasjon frå rekkefølgekrav i reguleringsplan
Byggjestad: Gbnr: 100/20
Tiltakshavar: Statens vegvesen

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå rekkefølgekrav i reguleringsplan som gjeld gang- og sykkelveg.

Politisk handsaming

Saka vart handsama av hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 10.04.2019, der følgjande vedtak vart fatta:

PLT - vedtak:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk gir med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 12-4, dispensasjon frå rekkefølgekravet i § 2.9 i planføresegna til reguleringsplan for Fv. 565 Marås – Soltveit. Dispensasjonen gjeld utbygging vegen i samsvar med opplysningar gitt av Statens vegvesen i søknad datert 09.01.2019, på følgjande vilkår;

Det skal gjennomførast trafikksikringstiltak som skissert.

Tal fartshumpar frå Nesbø til Gjerde skal reduserast dersom Statens vegvesen finn trafikktryggleiken tilstrekkeleg ivaretatt etter ein analyse av trafikksituasjonen.

Grunngjevinga for dispensasjonsvedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til Silje Haukedal på e-post silje.haukedal@radoy.kommune.no eller på telefon 56349082.

Med helsing

Silje Haukedal
konst. leiar teknisk forvaltning

Silje Haukedal
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Byggesak Rv. 565 Tolleshaug - Soltveit - Dispensasjon frå rekkefølgekrav i reguleringsplan

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	Leikanger
------------------------------	-------------	------	-----------

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Hordaland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
May Britt Vågenes Gjerde	Slettevegen 883	5939	SLETTA